



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO



| Sakshands. | Saksnr. | Løpenr. | Arkiv | Dato |
|------------|----------|-----------|-------|------------|
| TCH | 2013/450 | 3667/2013 | V60 | 07.03.2013 |

Høyringsuttale - endringar jordlova § 12

Syner til høyringsbrev datert 24.1.2013, med høyringsnotat om forslag til endringar i jordlova § 12. På bakgrunn av dette har Vinje kommune ved plan- og miljøutvalet vedteke følgjande kommentar:

Vurdering:

Målet for forslaga er at det skal vere lettare å dele frå til bustadføremål og tilleggsjord, samt at ein vil endre fokus ved å gå bort frå ein restriktiv forbodstanke.

I Vinje er busetting sett på som eit viktig mål i kommuneplanen, og frådeling til bustadføremål har på det grunnlaget blitt sett på som samfunnsinteresse av stor vekt. Det er med andre ord praksis å tillate frådeling til bustadføremål etter dagens regelverk i Vinje. Frå - deling til bustadføremål som samfunnsinteresse er og spesifikt nemnt i rundskriv M-4/2003, samt spesifisert i brev til kommunane frå LMD og i Meld.St. 9. Det er på det grunnlaget vanskelig å sjå at § 12 skal vere noko særleg hinder for frådeling til busetting.

Det er og mykje som tydar på – ut frå landbruks- og matmeldinga kap. 10.4.2, føremålet med jordlova § 1, aktuelle rundskriv, eller signaler frå til dømes jordbruksforhandlingane - om at frådeling for sal av tilleggsjord vil vere ein samfunnsinteresse i tråd med § 12. Ein kan derfor ikkje på det grunnlaget sjå at det skal vere naudsynt å integrere delar av føremålsparagrafen inn i § 12, som ein jo i stor grad gjer her etter vårt syn.

Det er positivt at LMD har fokus på frådeling til busetting og rasjonalisering av jordbruks – areal, og har intensjonar om å legge til rette for å la kommunane nytte lokalt skjønn i desse sakene. Ein meiner likevel at det vil halde at ta føreslåtte endringar og presiseringar inn i rundskriv M-4/2003 for å oppnå den praksisen LMD ønskjer.

På grunn av kort tidsfrist blei rådmannens framlegg til vedtak vedteke av plan- og miljøutvalet ved e-postkommunikasjon:

Plan- og miljøutvalet i Vinje kommune er positive til Landbruks- og matdepartementet sitt fokus på frådeling til bustadføremål og tilleggsjord, men meiner at dagens jordlova § 12 er eit godt nok verktøy for dette føremålet. Ein vil i staden tilrå å endre rundskriv M-4/2003 i tråd med endringsforslaget.

Med helsing

Thor Christiansen
landbruksrådgjevar

Vedlegg: